



Asplan Viak AS
Postboks 2304
5824 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1349 - 14/12439

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
22.08.2014

Godkjenning - Rammeløyve for utviding av kommunalt VA-anlegg på gbnr 23/2, Frekhaug

Administrativt vedtak. Saknr: 238/2014

Tiltakshavar: Meland kommune
Ansvarleg søker: Asplan Viak AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING

Omsøkt tiltak:

Meland kommune, representert ved ansvarleg søker Asplan Viak AS, har søkt om rammeløyve for vesentleg terrengingrep og nytt anlegg/konstruksjon for følgjande tiltak:

- Sanering av slamavskillar i Markavegen og kloakkutslipp til sjøen frå denne nord for Havnevegen 64
- Oppføring av ny kloakkpumpestasjon med utslipp til sjø ved Havnevegen 64.
- Utlegging av kloakkpumpeledning gjennom sjø frå ny kloakkpumpestasjon til Havnevegen nr 66.

Det vert vist til søknad motteke 23.5.2014.

Planstatus:

Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav ved vedtak av 1.4.2014, sak 32/204, naudsynte dispensasjonar for gjennomføring av tiltaket. Omsøkt tiltak er i samsvar med dispensasjonsvedtaket og soleis avklart i høve til plan- og lovgrunnlag.

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering, utforming og utsjånad:

Tiltaket plassering, utforming og utsjånad er vist i situasjonsplan og teikningar vedlagt søknaden og stempla godkjend 22.8.2014.

Tiltaket skal prosjekterast og utførast i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagd situasjonsplan og teikningar stempla godkjend 22.8.2014. Tiltaket stettar krava til visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Sameiet Havnehagen har ved erklæring dagsett 21.5.2014 gjeve Meland kommune samtykke til å nytte veg ned til garasjeinngang i nord i samband med oppføring, drift og vedlikehald av ny kloakkpumpestasjon.

Ansvarsrettar og tiltaksklasse:

Asplan Viak AS, org. nr. 910 209 205, har søkt om ansvarsrettar som ansvarleg søkar, og ansvarleg prosjekterande for vann- og avlaupsledningar og pumpestasjon (tkl 2). Føretaket har sentralgodkjenning som dekker ansvarsområdet.

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 2.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Føretak:	Godkjenningssområde:
Asplan Viak AS Org.nr 910 209 205 Sentral godkjenning	SØK, (tkl 2) PRO, vann- og avlaupsledningar og pumpestasjon (tkl 2)

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 (a) og (k) vert det gjeve rammeløyve for omøst tiltak i samsvar med innsent søknad. Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagde teikningar og situasjonsplan stempla godkjend 22.8.2014. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 2 med heimel i Forskrift om saksbehandling i byggesak (SAK) § 9-3.

Det må innhentast samtykke etter Havne- og farvannsloven § 27 frå Bergen og Omland Havnevesen før tiltaket i sjø kan gjennomførast.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) og kan påklagast. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjektivast.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til sak 14/1349.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Teikningar

kart

Teikningar

Fakturavedlegg Sak 14-1349

Kopi til:

Meland kommune

Mottakere:
Asplan Viak AS

Postboks 2304 5824

BERGEN